

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 14.03.2025

Vår ref.: 202401281-6 Oppgis ved henvendelse

Høring av søknad om temperaturoppgradering - 420 kV Usta - Ådal

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) fekk 4. mars 2025 søknad med detaljplan frå Statnett SF for temperaturoppgradering av eksisterande 420 kV kraftleidning frå Usta transformatorstasjon i Ringerike kommune, gjennom Flå, Nesbyen og Gol kommunar til Usta transformatorstasjon i Ål kommune, alle i Buskerud fylke. Søknaden blir no send på høring, og vi ber om at de sender oss merknader til tiltaket seinast 4. april 2025.

Kva inneheld søknaden og detaljplanen?

Statnett SF ønskjer å auke overføringskapasiteten og levetida til den eksisterande 420 kV kraftleidning Usta-Ådal. Ved å auke driftstemperaturen på kraftleidningen frå 50 °C til 80 °C, skriv Statnett at kraftleidningen kan overføre 411 MW meir enn i dag. Ved ein temperatur-auke vil lina utvide seg, på grunn av termisk ekspansjon, og søkke noko ned. Dei vil derfor komme nærare bakken i periodar med høg belastning. Kraftleidningar må ha tilstrekkeleg avstand til omgivnadene for å unngå fare for allmenta og materielle verdiar.

Statnett må gjennomføre terrenginngrep under 27 ulike mastespenn på leidningen for at avstanden til terrenget skal vere tilstrekkeleg etter temperaturoppgraderinga. 18 av spennene der terrenget under leidningen er planlagt senka ligg i Ål kommune, fem i Nesbyen kommune og fire i Gol kommune. Tiltaket og terrenginngrepa er nærare beskrivne i søknaden og detaljplanen, som ligg vedlagt dette brevet. Det er ikkje nødvendig med anleggsarbeid i Ringerike og Flå kommunar.



Figur 1: Kart som viser kvar det trengst terrenginngrep ved temperaturoppgradering av 420 kV Usta-Ådal, markert med raud sirkel. Kjelde: Statnett sin konsesjonssøknad datert 28. februar 2025.



Kva ønskjer vi tilbakemelding på frå høyringspartane?

Statnett har tidlegare innhenta merknader til søknaden (sjå vedlegg 3 i søknadsdokumentet). NVE ønskjer no tilbakemeldingar frå høyringspartane på den oppdaterte søknaden med detaljplan. Vi gjer merksame på at leidningen på delar av strekninga fell saman med kraftleidningen frå Hol i Hallingdal til Sogn i Oslo, som er eit av NVEs listeførte kulturminne.¹

Fristen for høyringsinnspel

Vi ber om at de sender merknader til detaljplanen til NVE innan utgangen av fredag 4. april 2025. Send inn uttalen på ein av desse måtane:

- e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202401281 i emnefeltet, og oppgi namn i innleiinga)
- brev til NVE, postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Energianlegg er halde unna byggjesaksbehandling

Energianlegg med konsesjon etter energilova er halde unna byggjesaksbehandling etter plan- og bygningslova.²

Vi ber Statnett varsle grunneigarar og rettshavarar om høyringa

Vi vil i eigen e-post til Statnetts kontaktperson orientere om korleis grunneigarar og rettshavarar skal varslast om høyringa.

Med helsing

Marte Lundsbakken
Seniorrådgivar

Godkjent av

Godkjent av Matilde Anker
Seniorrådgiver

Godkjent i samsvar med NVEs interne rutinar.

Mottakarliste:

RINGERIKE KOMMUNE
FLÅ KOMMUNE
GOL KOMMUNE
Ål kommune

¹ <https://www.nve.no/om-nve/nves-listefoerte-kulturminner/kraftledninger/hol-oslo/>

² [Byggjesaksforskrifta § 4-3](#) (forskrift 26. mars 2010 nr. 488 om byggjesak).



Grunneiere/rettighetshavere
STATSFORVALTEREN I ØSTFOLD, BUSKERUD, OSLO OG AKERSHUS
NESBYEN KOMMUNE
Buskerud fylkeskommune

Kopimottakarliste:

STATNETT SF
STATNETT SF - Widar Blakstad